

Eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Vestnes, Ålesund, Ulstein, Ørsta og Volda.

## **Møtebok-** **styremøte 26.2.2020**

Styremøtet vart halde i lokala til Sunnmøre friluftsråd. Innkalling vart sendt ut den 19.2. og saklista den 21.2.2020.

Frammøtte frå styret: 11 av 13 møtte.

Giske:	Birger Honningsvåg
Haram:	Vebjørn Krogsæter
Norrdal:	Solveig Linge Stakkestad
Skodje:	Modolf Hareide
Sula:	Trygve Holm
Stordal:	Eva Hove
Vestnes:	Fråfall
Ørskog:	Janet Roelofs
Ålesund:	Nora Gunn Morken Farstad (vara)
Stranda:	Fråfall
Ulstein:	Knut Erik Engh
Volda:	Tollak Mikal Kaldheim
Ørsta:	Stein Aam (vara)

Andre frammøtte: May Britt Haukås    Dagleg leiar  
Påtroppande dagleg leiar, Anne Berit Støyva Emblem, var observatør frå sak 14/2020.

**Møtet vart sett klokka 18.**

### **Saker:**

**Godkjenning av innkalling og sakliste:**

*Samrøystes vedtak:*

**Innkalling og sakliste vart godkjent.**

**SAKLISTE TIL STYREMØTET 26.2.2020**

**Sak 10/2020: Godkjenning av møtebok frå styremøtet den 15.1.2020**

*Samrøystes vedtak:*

**Møteboka frå styremøtet den 15.1.2020 vert godkjent.**

**Sak 11/2020: Munnlege orienteringar**

a) *Leiarsamling med FL:*

*Styreleiar orienterte om innhaldet på leiarsamlinga til FL 13. og 14. februar. Dette er ei årleg samling for styreleiarar og daglege leiarar i dei 28 friluftsråda som er medlemmar i FL. Mellom tema på årets samling var felles profilering for friluftsråda, friluftsråda si rolle i samband med Kunnskapsløftet 2020 og nye læreplanar i grunnskulen, arbeidet med nytt prinsippprogram for FL, og at FL innarbeider åtte av dei 17 berekraftsmåla til FN i eigne arbeidsplanar og oppmodar friluftsråda om å gjere det same.*

Samrøystes vedtak:

**Styret tek orienteringane til vitande.**

**Sak 12/2020: Tilsetting av ny dagleg leiar**

Samrøystes vedtak:

**Styret godkjenner arbeidsavtalen med ny dagleg leiar, Anne Berit Støyva Emblem.**

**Sak 13/2020: Oppretting av stilling som rådgjevar**

Samrøystes vedtak:

**Styret tilbyr May Britt Haukås å gå over i fast 80% stilling som rådgjevar . Stillinga blir oppretta frå og med den datoen ny dagleg leiar tiltrer.**

**Sak 14/2020: Årsrekneskap 2019**

Samrøystes vedtak:

**Styret rår årsmøtet til å godkjenne den reviderte årsrekneskapen for 2019 når den er klar frå revisor.**

**Styret rår årsmøtet til å godkjenne avsetning av kr. 507 000 på fond til finansiering av ny båt til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal.**

**Sak 15/2020: Budsjett 2020**

Samrøystes vedtak:

**Styret rår årsmøtet til å godkjenne forslaget til budsjett for 2020.**

**Sak 16/2020: Søknader 2020**

Samrøystes vedtak:

**Styret tek oversynet over sendte søknader pr. 1.2.20 til vitande.**

**Sak 17/2020: Arbeidsplan 2020, innarbeiding av FNs berekraftsmål**

Samrøystes vedtak:

Styret ber administrasjonen om å innarbeide redaksjonelt i arbeidsplanen dei åtte berekraftsmåla som FL tilrår, og i tillegg inkludere mål nr. 17: *Samarbeid for å nå måla.*

**Sak 18/2020: Forslag til attval av styremedlem i FL**

Samrøystes vedtak:

Styret ber administrasjonen sende inn forslag på vegner av styret om attval av Vebjørn Krogsæter som nestleiar i styret i FL. Alternativt til ein annan posisjon i FL-styret.

**Sak 19/2020: Innspel til FLs prinsippprogram**

Samrøystes vedtak:

Styret støttar forslaget arbeidsgruppa har lagt fram til nytt prinsippprogram for FL. Eventuelle innspel frå styremedlemmar i Sunnmøre friluftsråd skal sendast ut til dei andre i styret for godkjenning, før dei blir sendt til arbeidsgruppa. Fristen er 15. mars.

**Sak 20/2020: Årsmelding 2019**

Samrøystes vedtak:

Styret ber administrasjonen fullføre årsmeldinga for 2019, og at styret får den ferdige versjonen til godkjenning før årsmøtet den 18. mars.

**Sak 21/2020: Organisering og arbeidsform til styret**

Saksutgreiing:

Birger Honningsvåg, Tollak Mikal Kaldheim og arbeidsutvalet er tidlegare valt til å utarbeide forslag til framtidig organisering av styre og årsmøte i friluftsrådet, etter kommunesamanslåingane frå 1.1.2020. Forslag skal leggast framfor årsmøtet til godkjenning.

Samrøystes vedtak:

Styret ber arbeidsgruppa om å sende forslag på e-post til styremedlemmane, og at det blir halde eit kort styremøte den 18. mars, i forkant av årsmøtet i Ørsta, for å vedta tilrådinga til årsmøtet.